



MØTEPROTOKOLL

FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

Møtedato: 30.05.2023
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 17:00 - 17:45

Fondstyret

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Ordfører
Kjartan Haugsnes	SV	Varaordfører
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Medlem
Thor Andersen	AP	Medlem
Heidi Rongved	AP	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Trond Olav Magnussen	H	Varamedlem
Trygve Jakobsen	FRP	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Amalie Johnsen Lunde	H	Trond Olav Magnussen
Boris Groth	FRP	Trygve Jakobsen

Andre møtande:
Kenneth Stokke

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
57/2023	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
58/2023	FONDSTILSKOT TIL OPPGRADERING AV VAKSDAL/MODALEN SKYTTLARLAG SI SKYTEBANE I LITLEVIKA PÅ EIDSLANDET
59/2023	LØYVING AV MIDLAR FRÅ MYSTERFONDET TIL OPPGRADERING AV SKYTEBANE I LITLEVIKA - INNKJØP AV ELEKTRONISKE SKYTESKIVER



Vaksdal kommune

- 60/2023** **FONDSTILSKOT TIL Å VIDAREFØRE KARTLEGGING AV SKADAR PÅ GRASENG GRUNNA HJORTBEITING I EKSINGDALEN**
- 61/2023** **TILSKOT FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND TIL OPPSTART OG UTVIKLING AV SCANDINETWORKS AS**
- 62/2023** **TILSKOT FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND TIL SPORING AV SAUER PÅ FJELLBEITE I VAKSDAL KOMMUNE/STØLSHEIMEN**
- 63/2023** **TILSKOT FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND TIL ETABLERING AV TILBOD SOM PERSONLEG TRENAR**
- 64/2023** **TILSKOT FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND TIL OPPFØRING AV REISKAPSHUS/ LANDBRUKSBYGG PÅ GBNR. 70/2 RØDLAND**



57/2023: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Oversendingsframlegg frå Sp, SV og Høgre:

Fondsstyret ber administrasjonen vurdere om det bør lagast eit tillegg i vedtektene. Er det formålstenleg å legge inn ein klausul om at næringsadressa forblir i Vaksdal i det tidsrommet støtta gjeld?

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 30.05.2023

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.
Oversendingsframlegg frå SP, SV og Høgre vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 57/2023 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Fondsstyret ber administrasjonen vurdere om det bør lagast eit tillegg i vedtektene. Er det formålstenleg å legge inn ein klausul om at næringsadressa forblir i Vaksdal i det tidsrommet støtta gjeld?

58/2023: FONDSTILSKOT TIL OPPGRADERING AV VAKSDAL/MODALEN SKYTARLAG SI SKYTEBANE I LITLEVIKA PÅ EIDSLANDET

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal/Modalen Skyttarlag får tildelt inntil kr. 50 000,- inkl. mva. i tilskot frå «Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv» til innkjøp av fire stykk elektroniske skyteskiver for bruk på skytebana i Litlevika på Eidslandet.

Tilskotet er grunngjeve i fondsvedtektene §§ 2 og 5.

Tilskotet utgjer 25 % av "godkjend kostnad" på kr. 274 913,-, inkl. mva. Lågare kostnad kan gje lågare tilskot. Ved eventuell momsrefusjon vert momsen trekt frå tilskotsbeløpet.



Tilskotet vert betalt ut etter oppmoding, når sluttrapport med kostnadsdokumentasjon er sendt inn til kommunen.

Arbeidsfristen er sett til 01.05.25. Midlane vert trekte inn etter dette. Det kan søkjast om utsett frist.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 30.05.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.

FPØ - sak 58/2023 Vedtak/Tilråding:

Vaksdal/Modalen Skyttarlag får tildelt inntil kr. 50 000,- inkl. mva. i tilskot frå «Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv» til innkjøp av fire stykk elektroniske skyteskiver for bruk på skytebane i Litlevika på Eidslandet.

Tilskotet er grunngjeve i fondsvedtektene §§ 2 og 5.

Tilskotet utgjer 25 % av "godkjend kostnad" på kr. 274 913,-, inkl. mva. Lågare kostnad kan gje lågare tilskot. Ved eventuell momsrefusjon vert momsen trekt frå tilskotsbeløpet.

Tilskotet vert betalt ut etter oppmoding, når sluttrapport med kostnadsdokumentasjon er sendt inn til kommunen.

Arbeidsfristen er sett til 01.05.25. Midlane vert trekte inn etter dette. Det kan søkjast om utsett frist.

59/2023: LØYVING AV MIDLAR FRÅ MYSTERFONDET TIL OPPGRADERING AV SKYTEBANE I LITLEVIKA - INNKJØP AV ELEKTRONISKE SKYTESKIVER

Styret i Mysterfondet sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i vedtektene for Mysterfondet §§ 1 og 2 sjettede ledd, løyver Formannskap/plan- og økonomiutvalet (FPØ) i Vaksdal kommune, inntil kr. 40 000,- i fondsmidler til Vaksdal/Modalen Skyttarlag.

Tilskotet skal nyttast til innkjøp av 4 stykk nye, elektroniske skiver til skytebane i Litlevika på Eidslandet.

Tilskotet utgjer 14 % av budsjettet og «godkjend kostnad» på kr. 274 913,-, inkl. mva.

Ved eventuell momsrefusjon vert tilskotet rekna ut frå utgifter eks. mva.

Tilskotet vert betalt ut etter innsendt sluttrapport med naudsynt dokumentasjon (betalt faktura, bilete og liknande).



Arbeidsfristen for tiltaket er sett til 01.06.25. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 30.05.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.

FPØ - sak 59/2023 Vedtak/Tilråding:

Med heimel i vedtektene for Mysterfondet §§ 1 og 2 sjette ledd, løyver Formannskap/plan- og økonomiutvalet (FPØ) i Vaksdal kommune, inntil kr. 40 000,- i fondsmidlar til Vaksdal/Modalen Skyttarlag.

Tilskotet skal nyttast til innkjøp av 4 stykk nye, elektroniske skiver til skytebana i Litlevika på Eidslandet.

Tilskotet utgjer 14 % av budsjettet og «godkjend kostnad» på kr. 274 913,-, inkl. mva.

Ved eventuell momsrefusjon vert tilskotet rekna ut frå utgifter eks. mva.

Tilskotet vert betalt ut etter innsendt sluttrapport med naudsynt dokumentasjon (betalt faktura, bilete og liknande).

Arbeidsfristen for tiltaket er sett til 01.06.25. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

60/2023: FONDSTILSKOT TIL Å VIDAREFØRE KARTLEGGING AV SKADAR PÅ GRASENG GRUNNA HJORTBEITING I EKSINGDALEN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Viltnemnda i Vaksdal kommune, ved Formannskap, plan- og økonomiutval (FPØ), løyver inntil kr. 50 000,- til Norsk Landbruksrådgiving Vest for å vidareføre kartlegging av skadar og økonomiske tap frå hjortebeiting på slåtteeeng i Eksingedalen

Tilskotet vert løyvd frå Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv, med bakgrunn i §§ 2 og 5 i fondsvedtektene.

Tilskotet skal i hovudsak knytast til etablering og drift av prøveruter, med rapportering og resultatvurdering.

Tilskotet vert betalt ut etter at kommunen har motteke sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.

Arbeidsfristen er sett til 01.12.24.



Formannskap/plan- og økonomiutvalet 30.05.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.

FPØ - sak 60/2023 Vedtak/Tilråding:

Viltneemnda i Vaksdal kommune, ved Formannskap, plan- og økonomiutval (FPØ), løyver inntil kr. 50 000,- til Norsk Landbruksrådgiving Vest for å vidareføre kartlegging av skadar og økonomiske tap frå hjortebeiting på slåtteeeng i Eksingedalen

Tilskotet vert løyvd frå Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv, med bakgrunn i §§ 2 og 5 i fondsvedtektene.

Tilskotet skal i hovudsak knytast til etablering og drift av prøveruter, med rapportering og resultatvurdering.

Tilskotet vert betalt ut etter at kommunen har motteke sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.

Arbeidsfristen er sett til 01.12.24.

61/2023: TILSKOT FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND TIL OPPSTART OG UTVIKLING AV SCANDINETWORKS AS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med bakgrunn i fondsvedtektene § 2 «Formål», får Scandinetworks AS, v/ Peter Staffen, tildelt inntil kr. 300 000,- i tilskot frå kommunalt næringsfond til etablering og oppstart av selskapet.

Tilskotet skal nyttast ved utvikling av tilbod og tenester knytt til vedlikehald og oppgradering av basestasjonar for 4G- og 5G-antenner.

Løyvinga utgjer maksimalt tilskot ut frå «godkjente kostnadar» og næringsfondet sine vedtekter § 2.

Tilskotet vert betalt ut etter innsendt rapport med naudsynt dokumentasjon (faktura/kostnadsdokumentasjon og liknande). «Godkjende kostnadar» vert lagt til grunn for utbetalinga, og lågare kostnadar kan gje lågare tilskot.

Det kan gjennomførast delutbetaling av inntil 70 % av løyvd tilskot etter skriftleg førespurnad.

Løyvinga gjeld i to år frå vedtaket er fatta, fram til 01.05.2025. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

Tilleggsforslag frå Høgre:



Det vert lagt til grunn for tildelinga at bedrifta føl gjeldande regelverk for arbeidsforhold, herunder arbeidstidsbestemmelser og lønsnivå.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 30.05.2023

Behandling:

Økonomisjef Kenneth Stokke orienterte i saka etter spørsmål frå Erlend Hesjedal Johannessen (H). Kommunedirektøren svarte på spørsmål frå fondstyret.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk 6 stemmer (SP, H, SV, FRP, AP - Heidi Rongved) mot 1 stemme (AP- Thor Andersen) og vart vedteke.

Tilleggsforslag frå Erlend Hesjedal Johannessen vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 61/2023 Vedtak/Tilråding:

Med bakgrunn i fondsvedtektene § 2 «Formål», får Scandinet AS, v/ Peter Staffen, tildelt inntil kr. 300 000,- i tilskot frå kommunalt næringsfond til etablering og oppstart av selskapet.

Tilskotet skal nyttast ved utvikling av tilbod og tenester knytt til vedlikehald og oppgradering av basestasjonar for 4G- og 5G-antennar.

Løyvinga utgjer maksimalt tilskot ut frå «godkjente kostnader» og næringsfondet sine vedtekter § 2.

Tilskotet vert betalt ut etter innsendt rapport med naudsynt dokumentasjon (faktura/kostnadsdokumentasjon og liknande). «Godkjende kostnader» vert lagt til grunn for utbetalinga, og lågare kostnader kan gje lågare tilskot.

Det kan gjennomførast delutbetaling av inntil 70 % av løyvd tilskot etter skriftleg førespurnad.

Løyvinga gjeld i to år frå vedtaket er fatta, fram til 01.05.2025. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

Det vert lagt til grunn for tildelinga at bedrifta føl gjeldande regelverk for arbeidsforhold, herunder arbeidstidsbestemmelser og lønsnivå.

62/2023: TILSKOT FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND TIL SPORING AV SAUER PÅ FJELLBEITE I VAKSDAL KOMMUNE/STØLSHEIMEN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med bakgrunn i fondsvedtektene § 2 «Formål», får Vestland Bjøllelag, v/ Audun Seilen, tildelt inntil kr. 62 419,- i tilskot frå kommunalt næringsfond til gjennomføring av prosjekt om sporing av beitedyr



på fjellbeite i Vaksdal kommune/Stølsheimen.

Midlane skal nyttast til å delfinansiere innkjøp av radiobjøller (Telespor gen 4+) og etablering av basestasjon (LoraWan) for å betre sporing og signaldekning i beiteområda.

Tilskotet utgjer 21 % av «godkjende kostnader» på kr. 293 157,-.

Utbetaling av tilskotet vert knytt til innsendt sluttrapport, med naudsynt dokumentasjon (faktura, rekneskap og liknande). Tilskotsbeløpet er knytt til «godkjente kostnader», og lågare, faktiske kostnader kan gje lågare tilskot.

Løyvinga gjeld i to år frå løyvinga fann stad, fram til 01.05.2025. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 30.05.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.

FPØ - sak 62/2023 Vedtak/Tilråding:

Med bakgrunn i fondsvedtektene § 2 «Formål», får Vestland Bjøllelag, v/ Audun Seilen, tildelt inntil kr. 62 419,- i tilskot frå kommunalt næringsfond til gjennomføring av prosjekt om sporing av beitedyr på fjellbeite i Vaksdal kommune/Stølsheimen.

Midlane skal nyttast til å delfinansiere innkjøp av radiobjøller (Telespor gen 4+) og etablering av basestasjon (LoraWan) for å betre sporing og signaldekning i beiteområda.

Tilskotet utgjer 21 % av «godkjende kostnader» på kr. 293 157,-.

Utbetaling av tilskotet vert knytt til innsendt sluttrapport, med naudsynt dokumentasjon (faktura, rekneskap og liknande). Tilskotsbeløpet er knytt til «godkjente kostnader», og lågare, faktiske kostnader kan gje lågare tilskot.

Løyvinga gjeld i to år frå løyvinga fann stad, fram til 01.05.2025. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

63/2023: TILSKOT FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND TIL ETABLERING AV TILBOD SOM PERSONLEG TRENAR

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med bakgrunn i fondsvedtektene § 2 «Formål», får føretaket «PT Silje Hetterud Dale» tildelt inntil kr. 10 000,- i tilskot frå Vaksdal Kommunale Næringsfond til etablering av tilbod som personleg trenar



innanfor Muscle Tissue Training (MTT).

Tilskotet utgjør 50 % av «godkjende kostnader» på kr. 20 000,-, og er knytt til innkjøp av utstyr og utgifter til marknadsføring, i tråd med kostnadsoverslaget i søknaden.

Utbetaling av tilskotet vert knytt til «godkjend kostnader» og innsendt sluttrapport, med kostnadsdokumentasjon. Lågare, faktiske kostnader kan gje lågare tilskot.

Løyvinga gjeld i to år frå vedtaket er fatta, fram til 01.05.2025. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 30.05.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.

FPØ - sak 63/2023 Vedtak/Tilråding:

Med bakgrunn i fondsvedtektene § 2 «Formål», får føretaket «PT Silje Hetterud Dale» tildelt inntil kr. 10 000,- i tilskot frå Vaksdal Kommunale Næringsfond til etablering av tilbud som personleg trenar innanfor Muscle Tissue Training (MTT).

Tilskotet utgjør 50 % av «godkjende kostnader» på kr. 20 000,-, og er knytt til innkjøp av utstyr og utgifter til marknadsføring, i tråd med kostnadsoverslaget i søknaden.

Utbetaling av tilskotet vert knytt til «godkjend kostnader» og innsendt sluttrapport, med kostnadsdokumentasjon. Lågare, faktiske kostnader kan gje lågare tilskot.

Løyvinga gjeld i to år frå vedtaket er fatta, fram til 01.05.2025. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

64/2023: TILSKOT FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND TIL OPPFØRING AV REISKAPSHUS/ LANDBRUKSBYGG PÅ GBNR. 70/2 RØDLAND

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med bakgrunn i fondsvedtektene § 2 «Formål», får føretaket Åsne Tesdal Rødland tildelt inntil kr. 150 000,- i tilskot frå Vaksdal Kommunale Næringsfond til oppføring av reiskapshus/ landbruksbygg på gbnr. 70/2 Rødland i Bergsdalen.

Tilskotet er knytt til innreiing og bruk av bygget til husdyrdrift, i samband med lemming i sauehaldet.

Tilskotsbeløpet tek utgangspunkt i budsjetterte kostnader på kr. 708 843,- eks. mva, fordelt på kostnadsoppsettet i søknaden.

Tilskotet vert betalt ut som eit eingongstilskot etter innsendt sluttrapport, med dokumentasjon på gjennomført tiltak og faktiske kostnader.



Det kan gjennomførast inntil 70 % i delutbetaling, etter skriftleg førespurnad.

Det vert føresett at eventuelle løyve til bygging etter aktuelle lovverk, er innhenta før gjennomføring.

Tilskotet er gjeldande i to år frå løyvinga fann stad, fram til 01.05.2025. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 30.05.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.

FPØ - sak 64/2023 Vedtak/Tilråding:

Med bakgrunn i fondsvedtektene § 2 «Formål», får føretaket Åsne Tesdal Rødland tildelt inntil kr. 150 000,- i tilskot frå Vaksdal Kommunale Næringsfond til oppføring av reiskapshus/ landbruksbygg på gbnr. 70/2 Rødland i Bergsdalen.

Tilskotet er knytt til innreiing og bruk av bygget til husdyrdrift, i samband med lemming i sauehaldet.

Tilskotsbeløpet tek utgangspunkt i budsjetterte kostnadar på kr. 708 843,- eks. mva, fordelt på kostnadsoppsettet i søknaden.

Tilskotet vert betalt ut som eit eingongstilskot etter innsendt sluttrapport, med dokumentasjon på gjennomført tiltak og faktiske kostnadar.

Det kan gjennomførast inntil 70 % i delutbetaling, etter skriftleg førespurnad.

Det vert føresett at eventuelle løyve til bygging etter aktuelle lovverk, er innhenta før gjennomføring.

Tilskotet er gjeldande i to år frå løyvinga fann stad, fram til 01.05.2025. Etter dette vert tilskotet trekt attende.
